



Årsmelding

for

Troms Nei til EU

28.10.2017 – 20.10.2018

1. Tillitsvalde

Troms Nei til EU har i meldingsåret hatt fylgjande tillitsvalde:

Styret i Troms Nei til EU

Funksjon	Namn	Adresse	Mobiltelefon	Fasttelefon
Leiar	Olav Flaate	Storbekken 1, 9310 Sørreisa	92680283	-
Nestleiar	Arnhild Lindholm	Takvatn, 9334 Øverbygd	98007937	-
Kasserar	Eli Berg	Kvamstykket 8, 9009 Tromsø	48183747	77688212
Kvinnekontakt	Anne-Lise Isaksen	Målselvgata 3, 9007 Tromsø	90630010	77687637
Styremedlem	Arne Overrein	Kvamstykket 8, 9009 Tromsø	93265074	77610202
Styremedlem	Marilyn Putney	Utsikten 318, 9018 Tromsø	95209927	-
Styremedlem	Tore Ruud	Elgsnes, 9402 Harstad	95285414	77060332
1. vara	Wibeke Bergheim	Tomasjord 234, 9024 Tomasjord	99558548	
2. vara	Eivind Ditlefsen	Erling Nilssens vei 8, 9300 Finnsnes	97617242	-
3. vara	Erling Briskemyr	Rotsundveien 1261, 9153 Rotsund	91788398	
4. vara	Jens-Olav Løvlid	Hansvoll, 9050 Storsteinnes	97723572	-

Arbeidsutvalet:

I denne perioden har desse danna arbeidsutvalet:

Olav Flaate
Arnhild Lindholm
Eli Berg

Utsettingar til rådet i Nei til EU:

Olav Flaate Vara: Arne Overrein
Arnhild Lindholm. Vara: Anne Lise Isaksen

Landsmøte:

Det har ikkje vore landsmøte i denne perioden.

Revisor:

Nils Aarsæther, Tromsø

Valkomit :

 shild Fause, Troms  (leiar)
Grethe Hoel Karls y
Ole Henriksen, Lenvik

Representantar frå Troms med verv i sentralorganisasjonen:

Nils Aarsæther er medlem av kontrollkomitéen
Tore Ruud med i den sentrale valnemnda i Nei til EU
Peter Ørebech er medlem av rådet for Troms

2. Årsmøtet 2017

Årsmøtet i Troms Nei til EU vart arrangert i Tromsø 28. oktober 2017.

Årsmøtet gjekk gjennom årsmelding, revidert rekneskap, arbeidsplan og budsjett. I tillegg var det val av folk til ulike verv. Arbeidsplanen som vart vedteken hadde fylgjande hovudsatsingsområde:

- Ut av EØS
- Vidareutvikling av samarbeidet med fagrørsla
- Medlemsverving
- Etablere – revitalisere 2 eksisterande lokallag , deriblant freista å slå saman Lenvik og Sørreisa Nei til EU.

3. Styret sitt arbeid

Styret har i meldingsåret hatt fem styremøter, eitt av desse var på Husøya i samband med Husøydagane.

I inneverande periode har styret handsama 51 saker. Nokre av sakene var relatert til oppseing av EØS- avtalen. Mange saker var og knytta til kampen mot regjeringa og stortingsfleirtalet sin vilje til å overføra kontroll og styringsmyndigheita av norsk vasskraft og energiproduksjon til ACER, EU sitt energibyrå.

4. Regionsekretæren

I inneværande periode har Troms Nei til EU ikkje hatt nokon regionsekretær på grunn av den generelle økonomiske situasjonen til Nei til EU.

Men Anne Lise Isaksen i styremedlem i Troms Nei til EU har gjort ein kjempejobb som protokollskrivar etter styremøtene. I hennar fråvære har nestleiar i Troms Nei til EU Arnild Lindholm vidareført det gode arbeidet til Anne-Lise.

Ellers har den solide kasseraren vår i styret; Eli Berg og gjort eit kjempearbeid, som tidlegare. Solid jobbing og av styremedlemme ellers. Styremedlem og facebookansvarleg, Tore Ruud har i starten av styremøta oppdatert styret på mange aktuelle EU/EØS saker. Alltid grundig og god informasjon frå Tore.

5. Opne møter

Eit av dei prioriterte områda det siste året har vore å informere om skadeverknadene av EØS-avtalen for arbeidslivet. Der har det vore mange brot på faglege rettar, løns- og arbeidsvilkår

og sosial dumping. Dette har ført til at seriøse entreprenører som fylgjer avtaleverket, har redusert verksemda si eller slutta.

15. september arrangerte Troms Nei til EU – ein vellukka EØS-konferanse med to innleiarar: Sigbjørn Gjelsvik som snakka om «Noreg og Brexit» og utgreiingsleiar i Nei til EU; Morten Harper som snakka om dei negative verknadene EØS-avtalen har for arbeidslivet. Dei frammøtte var engasjerte i spørsmålsrunden i etterkant av presentasjonane.

6. Kvinnepolitisk kontakt i Troms Nei til EU

Anne Lise Isaksen

7. Stand

I samband med ACER kampen var det stands og utdeling av materiell i Tromsø, Harstad og Sørreisa.

8. Representasjon

Nestleiar Arnhild Lindholm og Anne-Lise Isaksen deltok på fylkesleiarssamling i Oslo. Leiar deltok på ACER demonstrasjon framføre Stortinget med eit informasjonsmøte i forkant. Tore Ruud deltok på kurs i bruk av facebook m.m. Kvinnekontakt Anne Lise Isaksen deltok på kvinnekongress

9. Lokallagsarbeid

Troms Nei til EU har lokallag med et valgt styre i Balsfjord/Storfjord, Harstad og Tromsø. Det er ikkje starta nye lokallag i inneverande periode. Sørreisa Nei til EU har leiar utan styre. Lenvik Nei til EU har medlemmer utan styre. Styret har trukke seg frå formell Nei til EU aktivitet.

Balsfjord/Storfjord Nei til EU

Det har ikkje vore aktivitet i lokallaget det siste året.

Harstad Nei til EU

Det har ikkje vor stor aktivitet i Harstad Nei til EU sidan førre årsmøtet i fylkeslaget, men her kjem det som har vore:

Eitt styremøte

Eitt medlemsskriv er sendt til lagslemane.

Årsmøte

Foredrag om EUs energiunion v/ Tore Ruud i samband med årsmøtet

Utdeling av Nei til EU materiell 1. mai

Innsamling av e-postadressar

Telefonpurring til dei som ikkje hadde betalt lagspengane.

Lenvik Nei til EU

Lenvik Nei til EU er formelt lagt ned. Økonomiske midlar laget hadde, er overført til Troms Nei til EU.

Sørreisa Nei til EU

Leiar av Sørreisa Nei til EU skriv avisinnlegg, som han har fått på trykk, både i lokalavisa og i regionalaviser. Ut over dette er det ingen aktivitet i lokallaget.

Det er pr. 05. oktober 13 medlemmer

Tromsø Nei til EU

Folkemøte mot ACER 17. februar 2018 der det og var ei rekkje appellar. Godt oppmøte- flott!

Studentar mot EU

Studentar mot EU har ikke hatt aktivitet i fylket det siste året.

Ungdom mot EU

Ungdom mot EU har etablert fylkeslag i Troms, men det synest å vera liten aktivitet der.

10. Medlemmer

Det er 764 medlemmer i Troms Nei til EU per 05 oktober 2018.

Medlemskontigent gir Nei til EU inntekter til å drive informasjon og vera ein kunnskapsbase. Med rik tilgang på kunnskap er det lett å kunna agera i det offentlege rommet, når den politiske eliten aksepterer nye krav frå EU ,som er i strid med demokrati og norsk sjølvråderett.

Det er gjort fleire ringerundar for å purre på dei som ikkje har betalt kontigenten.

Nei til EU har eit godt renommé i opinionen, men for lite synleg . Det er viktig å informere folk om kva som skjer i Brüssel og ulike medlemsland i unionen. Repetisjon av informasjon gjer at ting festnar seg betre. Dette er særleg viktig når det gjeld EØS-avtalen. Det store spørsmålet er alltid kva slag Noreg me vil ha.

11. Kommunikasjon

Nei til EU har både interne og eksterne kommunikasjonskanalar. Internt i organisasjonen har me fra sentralt hald medlemsavisa Standpunkt og ulike nettverksbrev. Nokre av desse går og til representantar for nei-alliansen.

Det er fleire eksterne kommunikasjonskanalar og sjølv om dei er opne, er dei i stor grad retta inn mot medlemmer og sympatisørar. Sentralorganisasjonen har nettside, Facebook-side, gjev ut årbok, VETT-hefte, brosjyrer og løpesetlar. Troms Nei til EU har eiga nettside

<https://troms.neitileu.no/fylke/troms>: der det vert lagt ut nyhende og der det finnest kontaktinformasjon til fylkeslaget, lokallaga og kommunekontaktane, og lesarbrev.

Fylkeslaget har eiga Facebook-side, som har tatt over mykje av informasjonsspreinga, noko som tidlegare blei lagt på nettsida. Det har vist seg at ein når ut til fleire på denne måten. Facebook er også godt eigna til informasjon om møte og liknande. Troms Nei til EU har i tillegg eigen Twitter-konto, sjølv om denne ikke er mykje brukt.

Papiravisene er framleis viktige i arbeidet med å spreie informasjon om EU, EØS, TTIP, TISA, Schengen og anna aktuelt stoff som er med på å bryte ned nasjonale, demokratiske og folkelege kulturverdiar.

Nokre lesarbrev i perioden: (OlavFlaate)

«We-too»

Trakassering av folk og land

Den nye proteksjonismen

Sørreisa kommune – Nei til ACER

Vi vil styre krafta vår sjølv!

Ope brev til

Jonas Gahr Støre og Espen Barth Eide

17 mai og Grunnlova

Troms fylkesting bagatelliserer verdien av sjølvråderetten.

Grunnlovsfeiringa 17 mai 2018

Ap vil lure Stortinget igjen.

Krossfest.krossfest og ACER

Panikk blant EU og EØS-tilhengjarane

Jonas Gahr Støre og Gro Harlem Brundtland

EU og ACER

«Dustartikkel», «Bare tøv» «Tøvete påstand» «Lurte folket»

Torbjørn Røe Isaksen og EØS-avtalen

Godt nytt for straumkundar?

12. Den politiske situasjonen

Forhandlingane mellom EU og Storbritannia står mest i stampe. EU kommisjonen gjer det så vanskeleg som mogeleg for Britane å få til ein avtale med EU.

Det kan hende at det ikkje vert nokon avtale. Sterke grupper i parlamentet vil no ha ny folkerøysting om Storbritannia si tilknytning til EU.

Jonas Gahr Støre og Erna Solberg vil framleis ha både EU medlemskap og EØS- avtale.

Nei til EU gir full trøkk mot Jernbanepakke 4 , som tyder anbod og privatisering av passasjerfrakt på norske skinner. Her virkar det som Ap går imot. Dette er eit godt teikn. ACER – søksmålet går sin gong. Ap er framleis taus om dei vilkåra dei sette opp, for å sei ja til overføringa av norsk sjølvvåderett til kontroll og styring av vasskraft – og elproduksjon til EU , som i ettertid viser seg å vera juridisk verdlaus.

Sørreisa 5. oktober 2018

Olav Flaate

Leiar

Arnhild Lindholm

Nestleiar

Eli Berg

Kasserar

Anne-Lise Isaksen

Styremedlem/kvinnekontakt

Marilyn Putney

Styremedlem

ArneOverrein

Styremedlem

Tore Ruud

Styremedlem

